

WWF sin posisjon til arealnøytralitet og arealnøytral forvaltning

WWF sin definisjon av arealnøytralitetsprinsippet

For å bli arealnøytral må ein fortette og bruke grå areal før natur blir bygd ned, og ein må unngå den viktigaste naturen. Dersom det er uunngåeleg å bygge ned noko natur, må dette kompenseras ved at minimum tilsvarande naturverdi blir restaurert ein annan stad. Slik oppnår ein null netto tap av naturmangfald i utbyggingar.

WWF sitt overordna standpunkt om arealnøytralitet

Arealnøytralitet må ligge som styrande prinsipp frå fyrste areal- eller utbyggingsplan, til gjennomføring av kompensasjon i form av restaurering av tapt natur. For å sikre dette trengs det juridisk forankring av prinsippet og klåre nasjonale rammer, samt ytterlegare verkøy og tiltak knytt til dei ulike stega i tiltakshierarkiet.

Arealnøytralitet i arealbruk og byggjesaksbehandling der kommunen er hovudmynde, må forankrast i plan- og bygningslova, med underliggjande retningslinjer for arealbruk og mobilitet. Tiltak som er regulerte av andre sektorlovar, må forankrast i det aktuelle lovverket (til dømes naturmangfaldlova, jordlova, akvakulturlova, energilova, mfl.).

WWF Verdas naturfond meiner det er viktig å få på plass eit system for kompensasjon av nedbygd naturareal. Det trengs ei ordning som kan sikre at verdien av natur, tas inn i utbyggingsplanar frå start, og bidreg til at grå areal blir vald framfor grøne areal. Dersom natur likevel blir bygd ned, vil utbyggjar vere ansvarleg for å kompensere for naturtapet. Dette systemet omtalar vi som økologisk kompensasjon (meir om dette lengre ned i notatet).

Nasjonal forankring er avgjerande.

Kommunane forvaltar 83 % av fastlandet, men står åleine i krevjande avvegingar som ofte har store konsekvensar for både samfunnet og naturen. I mange tilfelle blir natur bygd ned på grunn av lokale prioriteringar, sterkt utbyggingspress og avgrensa kapasitet. Fleire kommunar har vedteke mål om arealnøytralitet, men etterlyser støtte og verkøy frå nasjonalt hald for å kunne følgje opp målet. Utan felles definisjonar og nasjonal forankring blir òg dei lokale vedtaka sårbare for politisk skifte. Resultatet er fragmentert forvaltning, bit-for-bit-nedbygging og økonomiske insentiv som favoriserer nedbygging av natur. For å hindre dette trengs det ei meir heilskapleg arealplanlegging med nasjonale og juridisk bindande rammer som set krav og avgrensar mogleighetsrom, samstundes som det gir støtte, stabilitet og like vilkår for kommunane.

Verktøy og tiltak

Vi har allereie fleire gode verkøy for betre arealforvaltning, men utan juridisk forankring og klåre nasjonale rammer, har dei liten effekt. For å verke etter hensikta må verkøya gjerast tilgjengelege, obligatoriske og rettsleg bindande.

- **Naturekneskap:** Skal gje oversikt over utbreiing og tilstand på natur, samt endring over tid. Naturekneskap må vere ein obligatorisk og integrert del av kommunal arealforvaltning og –styring. Rekneskapen skal nyttast som eit utgangspunkt når kommunane fattar vedtak, lager planar eller gjer arealdisponeringar.

- **Utvide kartgrunnlag:** Det må byggast vidare på Naturrekneskap med kartgrunnlag som også gir oversikt over naturverdiar, økosystemtenester, karbonlager, restaureringspotensial og grå areal, samt ‘motsegnområder’; område med særleg viktig naturmangfald.
- **Planvask:** Gamle planar må reviderast for å sikre at dei er i samsvar med gjeldande lovverk, lokale, nasjonale og internasjonale klima- og miljømål og oppdaterte kunnskapsgrunnlag. Formålet med planvask må vere å tilpasse til eit arealnøytralitetsprinsipp, redusere utbyggingsreserver og auke omsynet til miljø- og klimatilpassing. Her vil behovsanalysar og kommunalt naturrekneskap vere viktige verktøy. Slik planvask må vere obligatorisk for alle kommunar, med støtte frå sentrale myndigheiter.
- **Prioriter grå areal:** Utbygging må i størst mogleg grad skje på grå areal, det vil seie område som alt er brukt eller sterkt påverka av menneskelege inngrep (som t.d. asfalt, parkeringsplassar og tidlegare industri- og bustadområde). Det trengs difor juridiske og økonomiske verkemiddel, og insentivordningar, som sikrar at grå areal blir enklare og billigare å ta i bruk enn naturområde.
- **Unngå den viktigaste naturen:** Om grå areal ikkje er aktuelt for ei utbygging, må ein likevel unngå å bygge i den viktigaste naturen. Det fordrar ein sameint definisjon av slik natur. Vi meiner at følgjande må inngå: område som er særleg viktige for artar, naturtypar, økologiske korridorar og karbonlagre i tråd med miljømyndigheitene sitt motsegnrundskriv T-2/16, samt andre særskild viktige område.
- **Økologisk kompensasjon:** Når natur først blir bygd ned, må tapet fullt ut erstattast. Kostnaden skal liggje hos utbyggjar, medan ein uavhengig offentleg instans skal ha ansvaret for at kompensierende tiltak blir gjennomført og kvalitetssikra. Ordninga må vere obligatorisk og dekkje både areal, karbonlagring, naturmangfald og økosystemteneste som flaumdemping og pollinering. Den må òg følgje nasjonale kriterium som sikrar kvalitet og langsiktig varetaking av den kompenserte naturen.
- **Organisering og samarbeid:** Staten må i samarbeid med kommunane etablere interkommunale plankontor, eller planteam på fylkesnivå som kan støtte kommunane med tverrfagleg rettleiing i saker som gjeld natur, klima og jordvern. Interkommunale plankontor kan vere ein god måte å legge til rette for samarbeid og samplanlegging mellom kommunar.
- **Uavhengige konsekvensutgreiingar:** Utgreiingar er i dag ofte bestilt og betalt av utbyggjar, noko som svekkjer truverd og kvalitet. Det er avgjerande at konsekvensutgreiingar blir fagleg uavhengige av utbyggjarinteresser, kvalitetssikra av miljømyndigheitene, og at naturverdiar blir vurderte i heilskap; frå karbonlager til naturmangfald og økosystemtenester.

Definisjonar av begrep i arealnøytralitetsprinsippet

Grå areal: Areal som allereie er tatt i bruk, eller sterkt påverka av menneskeleg bygge- og anleggsaktivitet. Det inkluderer alle typar busetnad, konstruksjonar og permanent opparbeidd overflate, samt tilhøyrande areal ([KDD sin definisjon](#)).

Viktigaste natur: Område som er særleg viktige for artar, naturtypar, økologiske korridorar og karbonlagring i tråd med [miljøforvaltninga sin motsegnpraksis, T-2/16](#), og andre særleg viktige område: Myr og våtmark og andre karbonrike område, kantsoner¹ og flaumsoner langs vassdrag, raviner, naturskog², ålegrasenger og tareskog, funksjonsområde for artar og landskapsøkologiske samanhengar, [important bird areas \(IBA\)](#), [key biodiversity areas \(KBA\)](#), område med [høgt sannsyn for raudlisteartar \(hotspots\)](#).

Naturmangfald: biologisk mangfald, mangfald i landskap og geologisk mangfald, som ikkje i hovudsak er eit resultat av menneskeleg påverknad (jf. [naturmangfaldlova](#)).

Restaurere: Viser til naturrestaurering, som er tiltak som bidreg til å setje i stand att naturverdiar eller økosystem som er blitt forringa eller øydelagt (moderert frå [Miljødirektoratet sin definisjon](#)).

Null netto tap av naturmangfald: Betyr at vi ikkje skal miste naturmangfald totalt sett i ei utbygging.

¹ Se [Mattilsynets definisjon av kantsoner](#)

² Jf. [Miljødirektoratets definisjon og kartlegginger](#): Naturskog er gammel skog uten særlig påvirkning av mennesker, og den har derfor beholdt sin naturlige struktur og økologiske prosesser. Slik skog inneholder trær i ulike aldre og størrelser, og mye død ved.